



JournalpostID: 26/2604
Sakshandsamar: Inger Hilde
Dato: 27.02.2026

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
024/26	Formannskapet	12.03.2026

Planprogram for reguleringsplan for utdjupeing av farlei; Olaskjeret, Hornelsflua og Skaten, planID 4648.202501

Vedlegg:

4648_202501_Planprogram_Farlei_Florø_Stad_Bremanger_10260975-01-PLAN-PBL-002
4648_202501_Merknadsnotat_oppstart_av_planarbeid__Farlei_Florø-
Stad_Bremanger_10260975-01-PLAN-NOT-001
4648_202501_Merknader_Farlei_Florø_Stad_Bremanger
10260975-02-TVF-RAP-001 (2)

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Planprogram for detaljreguleringsplan for Farleiltak Florø – Stad, blir godkjent i medhald av plan- og bygningslova §4-1, 2.ledd, med følgjande føresetnader og endringar:

- 1 Vi legg til grunn at det skal gjerast det som er teknisk og økonomisk muleg for å avgrense ureining i samband med tiltaka, for å unngå dårlegare vassmiljø og skade på naturmangfald, herunder Vengane og Haukedalsholmane naturreservat.
- 2 Det må takast stilling til avgrensing av influensområde for tiltaka, slik at aktuelle tema blir tilstrekkeleg utgreidd i denne sona.
- 3 Det må opprettast dialog med akvakulturfirma og fiskarlag i samband med konsekvensutgreiingsarbeidet
- 4 Eksisterande situasjon vedkomande akvakulturlokaliteten Marøyna oppdaterast.
- 5 Status for skipsvrak ved Olaskjeret rettast, og korleis ivaretaking av det freda skipsvraket kan sikrast, skal innarbeidast i planprogrammet.

Bakgrunn for saka:

Det blir arbeidd med detaljreguleringsplanar for farleiltak i sjøområdet Florø – Stad; èin reguleringsplan for tiltak i Kinn, og èin for Bremanger.

Bakgrunnen er at Kystverket skal utbetre hovudleia med sikte på god framkome, god frekvens og trygg ferdsel. Leia har mykje trafikk i samband med næringsaktivitet knytt til fiske og fiskeforedling, smelteverk, og fleire steinbrot. I tillegg er det mykje offshoreaktivitet i Florøområdet, og ein forventar auka cruisetrafikk innaskjers via Skatestraumen.

Farleia skal gjerast breiare og djupare. Fleire grunner skal utdjupast til kote -12,3 m, utanom grunner i Ulvesundet - Sildefjorden, som skal utdjupast til kote -14,3 m. Tiltaket omfattar fjerning av til saman ca 160 000 fm³ massar, som tilsvarar ca 270 000 am³. I Bremanger utgjer tiltaket vel 56 000 fm³ og ca 116 000 am³. Det er eit mål at massane skal nyttast til samfunnsnyttige føremål, men for å sikre gjennomføring av farleiltiltaket, må det også regulerast område for sjødeponi for all overskotsmassen. Det er utarbeidd ein eigen rapport i samband med alternativsvurdering av deponiområde; Dok 10260975-02-TVF-RAP-001; Farlei Florø – Stad, Sjøbunnsdeponi, lokalisering og undersøkelsesplan, datert 14.02.2025.

Det er vurdert at reguleringsplanen krev konsekvensutgreiing (KU), då den kan gje vesentlege verknader for miljø og samfunn, med omsyn til omfang av deponi, og muleg konflikt med naturmangfald. Multiconsult er plankonsulent for Kystverket, og det er lagt fram forslag til planprogram for planarbeidet.




Oversyn over planområda i Bremanger og Kinn.


Kommunegrenser er stipla.

Planoppstart med høyring av planprogram vart varsla 20.05.2025 med frist 04.07.2025, etter føregåande dialog med Bremanger og Kinn kommunar. Felles planoppstartmøte vart halde 20.03.2025, der ein vart samde om at det må lagast separate plandokument for dei to kommunane, for oversynet sin del. Konsekvensutgreiing kan vere èitt felles dokument. Det vart avtala at Kystverket står for utarbeiding og fremjing av planframlegg, inkl. offentlig ettersyn, jf plan- og bygningslova § 3-7, som opnar for at kommunen kan overlate slike planoppgåver til statleg eller regionalt mynde.

Planprogrammet er no lagt fram for kommunen etter innkomne merknader etter høyringa i 2025, og godkjennast av formannskapet og evt kommunestyret. Planen har tre planområde; Olaskjeret ved Botnane, Skatestraumen og Storøyna i Rugsund (deponi).




Planområde ved Sørbotnen - Olaskjeret



Planområde i

Skatestraumen



Deponiområde i sjø ved Storøyna i Rugsund

Formannskapet 12.03.2026:

Handsaming:

Ordførar informerte i saka.

FSK- 024/26 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

Planprogram for detaljreguleringsplan for Farleiltak Florø – Stad, blir godkjent i medhald av plan- og bygningslova §4-1, 2.ledd, med følgjande føresetnader og endringar:

1 Vi legg til grunn at det skal gjerast det som er teknisk og økonomisk muleg for å avgrense ureining i samband med tiltaka, for å unngå dårlegare vassmiljø og skade på naturmangfald, herunder Vengane og Haukedalsholmane naturreservat.

2 Det må takast stilling til avgrensing av influensområde for tiltaka, slik at aktuelle tema blir tilstrekkeleg utgreidd i denne sona.

3 Det må opprettast dialog med akvakulturfirma og fiskarlag i samband med konsekvensutgreiingsarbeidet

4 Eksisterande situasjon vedkomande akvakulturlokaliteten Marøyna oppdaterast.

5 Status for skipsvrak ved Olaskjeret rettast, og korleis ivaretaking av det freda skipsvraket kan sikrast, skal innarbeidast i planprogrammet.

Aktuelle lover, føresegner, avtalar mm:

Plan- og bygningslova §§ 3-7, 4-1 og 12-8. Gjeldande kommuneplan, arealdelen for 2024 – 2036 planID 201804, planID. Kommunedelplan for Rugsund – Leirgulen planID 201211, Kommunedelplan for Botnane planID 201212.

Planstatus for dei tre planområda:


Området ved Olaskjeret er omfatta av arealdelen til kommuneplanen (KPA), og kommunedelplan for Botnane (KDP). KPA og KDP har føremål V, bruk og vern av sjø og

vassdrag med tilhørende strandsone. Planføremålet heimlar føremål som fiske, ferdsel, farlei, natur og friluftsliv. Det heimlar ikkje tiltak som utdjuing og deponi på sjøbotn. Hovudleia er synt med juridisk line i KPA. I føresegnene § 8.2 til KPA står det at skipsleia omfattar nødvendig sjøareal for skipstrafikken, og at avgrensinga såleis ikkje er definert i planen.

For planområdet i Skatestraumen gjeld KPA, og planføremålet er V. Hovudleia er vist med juridisk line, stipla. Skatestraumstunnelen er synt med stipla samferdsleline for hovudveg. Deponiområdet ved Storøyna inngår i KDP for Rugsund – Leirgulen, der planføremålet er fiske; kaste- og låssettingsplass med områdenamn KL. Deponi er såleis i strid med planføremålet.



Olaskjeret utanfor Sørbotnen: Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone, V, i KPA, og KDP Botnane. Farleiline, stipla, gjennom tiltaksområdet. Bandleggingsområde for Vengane naturreservat t.v. for planområdet (skravert).



Skatestraumen: Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone, V, i KPA. Farleiline, stipla. Samferdslelinehovudveg, stipla (Skatestraumstunnelen). Bandleggingsone for (skravert) Haukedalsholmane naturreservat, ved austre del av planområdet.



Deponiområde ved Storøyna: Fiske, kaste- og låssettingsplass, KL, i KDP Rugsund – Leirgulen.

V-føremålet i sjø gjeld heile vassøyla, og heimlar ikkje tiltak med utdjuping eller deponi på sjøbotn

Saksopplysningar:

Eksisterande situasjon: naturmangfald og naturressursar, infrastruktur m.m

Beskriving av dei tre planområda i Bremanger, er hovudsakleg basert på tilgjengelege fagdatabasar; m.a. Naturbase, Vann-nett, Yggdrasil, Artskart, NGU, Askeladden/kulturminnesøk, kommunekart, NVE atlas.

Det er tidlegare gjort naturmangfaldsutgreingar i utdjupingsområda, hovudsakleg i rapportane


- Gjennomseiling hovedleden Bremanger sør. Konsekvensutredning for marint naturmangfold og naturressurser
- Kartlegging av naturtyper og arter ved grunner mellom Florø og Stad, S. og Fj.
- Konsekvensvurdering VL4 Florø – Frøysjøen, VL4 Skatestraumen – Fåfjorden – Vågsfjorden – Måløy sør og VL4 Ulvesundet.

Olaskjeret:

Vassførekomsten Frøysjøen, der Olaskjeret ligg, er i Vannett registrert med dårleg kjemisk tilstand, og god økologisk tilstand.

Jf lokaliseringsrapporten er det vurdert 9 ulike deponiområde for mudringsmassar frå Olaskjeret. Desse er av fleire årsaker gått bort frå, og massane vil bli lokaliserte til deponiområde i området sør mot Villevika.

Grunnene som skal utdjupast ligg i eit område med naturtypen «Større tareskogforekomst med stortare», og beiteområde for torsk. I utdjupingsområdet er det og registrert fiskeplass for passive reiskap. Like nord for planområdet er det fiskeplass for aktive reiskap. I Artskart er det registrert fleire truga sjøfugl og fisk, og fleire ansvarsartar, som svartbak. Det er registrert fiskeplass for passive reiskap på heile utdjupingsområdet, og der er haustefelt for tare.



Utsnitt frå Yggdrasil, her omkring planområdet ved Olaskjeret, viser grønt skraverte fiskeplassar for passive reiskap og oppvekst-/beiteområde. Rosa skravur er fiskeplassar for aktive reiskap. Akvakulturlokalitet ved Hovden og i Botnane.

Det er ikkje registrert friluftsområde i planområdet, men det er trafikk av fritidsbåtar. I nærleiken av grunnene er det registrert straum/fiberkabel til Telenor.

Ved marinarkeologisk undersøking vart det ca 1,5 km nord for Olaskjeret registrert automatisk freda skipsvrak med byggedato 1923, Askeladden, id 139861.

Skatestraumen med Skaten og Hornelsflua:


Vassførekomsten Skatestraumen er i Vannett registrert som moderat/dårleg kjemisk tilstand, og god økologisk tilstand. Ved Skaten er det registrert ureina lausmassar, som skal fraktast til godkjent mottak. Utdjupingsområdet ligg i eit område med naturtypen «Større

tareskogforekomst med stortare», og det er også registrert «skjellsandforekomster». Aust for planområdet er Hornelssjøen registrert med eit større område med fiskeplass for aktive reiskap. Austre del av Hornelssjøen, lenger unna, omfattar nasjonalt viktig gytefelt for torsk.

Vedkomande friluftsliv er det eindel dykking i Skatestraumen. Den skjer nær land. Det er elles viktige friluftsområde i strandsone og fjellparti, kring Skatestraumen. For friluftsliv tilknytt sjø er det viktig med god informasjon om anleggsgjennomføringa.

Det er etter marinarkeologisk registrering ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne.

I Skatestraumen har Kystverket straumkabel fleire sjøkablar. For den undersjøiske tunnelen er det eige teknisk notat ved NGI, om informasjon og konsekvensar ved utdjuving over Skatestraumstunnelen.



Utsnitt frå Yggdrasil, her Skatestraumenområdet, viser grå, skraverte gyteområde for torsk, akvakulturlokalitetar og skraverte rosa fiskeplassar for aktive reiskap. Raud farge er låssettingsplass.

Storøyna, deponi:

Lokaliteten er valt då den jf lokaliseringsutgreiinga er minst konfliktfyllt. Sju vurderte plasseringar i Skatestraumen er gått bort frå, grunna sterk straum og konflikt med sjøkablar og verneområde.

Vassførekomsten Storøyna er i Vannett registrert med udefinert kjemisk tilstand, og god økologisk tilstand.

Deponiområdet ved Storøyna vil ligge på ca kote -47 m. Grunna ein terskel på ca 18 m djupne, reknar ein med det er lite straum, slik at risiko for partikkelspreiing er låg, men vasskvaliteten lokalt vil ikkje ha same kvalitet som før.

Det er ikkje registrert marint naturmangfald i området. Det bør gjennomførast straummålingar for å sjekke om deponilokaliteten er eigna.

I Artskart er det fleire registreringar av raudlista sjøfugl, og av laks. Ei kartlegging i 2018 syner sei og lange, som er ansvarsartar.

Sjølve Storøyna har eit kartlagt, registrert friluftsområde, som knyter seg til sti som følger kring heile strandsona. Det er og registrert friluftsområde i samband med Sundstua.

Det er ikkje registrert kablar som bli råka i samband med deponiområdet.

Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne i området, etter utført marinarkeologisk undersøking.

Utgreiingar

Dei planlagde utdjuvingane, og deponi, vil gje endringar i djupne, substrat og straumforhold, som kan føre til endra livsvilkår for artar, og risiko for tap av artar og naturtypar.

Partikkelspreiing vil kunne ha negativ verknad på vassmiljø og naturmangfald. Vassmiljø og påverknad på naturmangfald er derfor viktig tema i planen.

ROS-analyse for reguleringsplanen vil ha fokus på anleggsfase, med tema skred/områdestabilitet, uhell i samband med anleggsgjennomføring, akutt ureining i samband med anleggsgjennomføring. Analysen skal syte for at forhold som kan gje alvorleg skade på menneske, miljø eller samfunnsfunksjonar, blir konkret vurderte for tiltaket, og klårlagde i plansaka, og liggje til grunn for denne. Reguleringsplanen kan ivareta risikoforhold ved omsynssoner og føreseigner, ev alternative lokaliseringar dersom vesentleg risiko ikkje kan unngåast.

Det kan vere risiko i samband med sprenging over Skatestraumstunnelen, og det må vurderast tiltak som t.d. stenging av tunnelen. Det kan vere auka fare for skipsulukker i anleggstida. Fast busett på Kalveholmen, i nærleiken av Hornelsflua, har brunn som drikkevasskjelde. Tiltak med utdjuping må vurderast i høve risiko for lekkasje.

Konsekvensutgreiing

Nullalternativet i konsekvensutgreiinga vil vere vidareføring av dagens situasjon og arealbruk. Planprogrammet seier at kunnskapsgrunnlaget for utdjupingsområda er vurdert til å vere godt, men for deponiområde er den dårleg. Det er gjort ei vurdering av kva tema tiltaka kan få vesentlege verknader for, og om dei er relevante for avgjerd om reguleringsplanen. Det er vidare vurdert behovet for ny kunnskap, og korleis denne bør utgreiast. Resultatet framgår i tabell i kap 5. i forslaget til planprogram.

Naturmangfald, vassmiljø og naturressursar i sjø, blir utgreidd saman, sidan det er nært knytt saman. For deponiområdet er planen å utføre ny kartlegging av raudlista marine artar og naturtypar, i tillegg til truga eller minkande habitat, i samsvar med OSPAR (internasjonal avtale om samarbeid om vern av det marine miljøet i Nordaust-Atlanteren.). Det skal og registrerast fugl. Det skal gjerast strømmålingar og undersøking av ureining i sediment, «der det er naudsynt». For nokre område kan modellering av partikkelspreiing vere aktuelt. Også for utdjupingsområda skal det gjerast undersøking av ureining i sediment. Verknader for naturreservata Vengane (Olaskjeret, Botnane) og Haukedalsholmane, vil bli utgreidde, særleg knytt til støy og lysureining i anleggsfase. Utgreiingane omfattar vurdering jf Naturmangfaldlova §§ 8-12 og Vassforskrifta § 12.

Tema friluftsliv vil framgå i planomtale, men ikkje vere del av KU. Det vil bli nytta innspel til planarbeidet, og det vil bli teke kontakt med aktuelle organisasjonar. Grunnforureining vil bli del av KU for vassmiljø og naturmangfald «når det er naudsynt».

Støy er berre aktuelt i anleggsfase, og ikkje i driftsfase, og det same gjeld klimagassutslepp. Desse forholda vil framgå av planomtalen, ilagmed transportbehov, energiforbruk og energiløysingar. Grunna tiltak på sjøbotn, er det ein del tema som ikkje er relevante å konsekvensutgreie, som f eks landskap, kulturmiljø, og oppvekstvilkår for born og unge.

Merknader etter høyring av planprogrammet:

Det er kome innspel og merknader, frå statlege og regionale mynde, organisasjonar og privatpersonar. Desse syner brei semje om trongen for betre farlei, men uro kring sjødeponi. Statsforvaltaren, fylkeskommunen og Fiskeridirektoratet krev av massehandtering blir sentralt tema i konsekvensutgreiinga, og rår til berekraftig masseforvaltning med gjenbruk og resirkulering, og behov for mellomlager og deponi. Jf avfallspyramiden er deponi siste utveg for bruk av overskotsmassar.

I høve naturmangfald er verknader for naturreservata Vengane og Haukedalsholmane, viktig. Anleggsarbeidet bør skje utanom gyte- og hekketida. For deponiområde må det gjerast kartlegging av naturtypar og artar, og deretter vurderast ev andre område, dersom negative verknader ikkje kan avgrensast.

I høve fiske og akvakultur må det takast omsyn til gyteområde og yngel, og avbøtande tiltak mot støy og partikkelspreiing skal vurderast. Under er det referert til nokre av fråsegnene:

Statsforvaltaren (SF) peikar på faren for endring i vasskvalitet, vassmiljø og økologisk tilstand, av ureina botnsediment og anna partikkelspreiing, og uomsett nitrogen frå sprengstein. Dei bed om presisering i planprogrammet at det i KU må nøye vurderast tilpassingar og avbøtande tiltak, jf § 23 i KU-forskrifta. Dei minner og om synleggjering av konsekvensane av ureining, for vassøkologi og vasskvalitet, også for influensområdet. Statsforvaltaren ved og om at det i samband med vurdering av massehandtering blir utarbeidd ein massehandteringsplan.

Vedkomande naturreservata SF bed om at hekketida blir unngått ved tiltak. Denne er 1. april til 31. juli. SF viser til at anleggstida si lengde ikkje er nemnt, og at tiltak må leggjast også utanom gyteeperiodar. SF sine råd om nærare presiseringar av naturtypekartlegging, er innarbeidd i planprogrammet kap 5. SF bed om at det blir vurdert om utførte for marint biologisk mangfald, er godt nok.

Fylkeskommunen (FK) bed om at rapporten om lokalisering av sjøbotnsdeponi blir del av planen og at alternativsvurderinga blir innarbeidd i planprogrammet og plandokumenta til reguleringsplanen.

FK viser til regional plan for vassforvaltning for Vestland. Det generelle miljømålet er min «god miljøtilstand» for vassførekomstane, innan 2027. Dersom det syner seg at miljømåla vert sett i risiko ved planlagde tiltak, må vassforskrifta § 12 bi vurdert.

Når det gjeld risiko i høve Skatestraumstunnelen, rår avd for infrastruktur og veg (INV) i utgangspunktet ifrå tiltak over tunnelen. Dei bed om at det blir oppretta dialog med dei om tiltaket, og føreset at tiltakshavar tek kostnadane med sikring av tunnelen, og peikar på at det kan bli sett rekkjefølgjekrav og krav om utbyggingsavtale.

Fiskeridirektoratet (FDIR) viser til at det i tillegg til kartfesta fiskeriinteresser er informasjon frå sporingskjelder, som syner at det er lite fiskeriaktivitet i planområdet ved Olaskjeret, og at denne skjer rundt 450 m vest for planområdet. Det er vidare ikkje registrert taretråling der. Næraste akvakulturanlegg er Hovden, 2,3 km sørvest for planområdet. FDIR viser elles til dei registrerte gyte-, oppvekst- og beiteområde innanfor planområdet.

For Skatestraumen er det registrert noko aktivitet i området for aktive reiskap i Hornelsfjorden, ca 330 m aust for planområdet, men det er elles liten registrert fiskeriaktivitet. Det er ikkje taretråling i planområdet. M.o.t. akvakultur syner FDIR til Marøyna, i si fråsegn datert 26.06.2025. Denne lokaliteten er no nedlagd, etter samråd med næringa, om tiltak mot lakselusmitte. FDIR viser til det nasjonalt viktige gytefeltet for torsk, Bortnepollen, ca 1,1 km aust for planområdet i Skatestraumen, og til lokalt viktig gytefelt nord for Rugsundøya. FDIR vurderer at det planlagde tiltaket ikkje vil kome i konflikt med kartlagde fiskeriinteresser i områda Skatestraumen og Olaskjeret.

Vedkomande Storøyna syner FDIR til at det er registrert 4 låssettingar i 2014 til 2018, innanfor planområdet. Dei bed om at låssettingsplassen blir teken omsyn til, særleg i anleggsperioden, ved løyve til deponering. FDIR peikar på akvakulturlokaliteten på Grunneset, ca 1,6 km nord for planområdet ved Storøyna/Litløystraumen, og til gyteområdet ca 250 m nord for planområdet. Som eit minimum må det ved større tiltak i sjø ikkje tillatast gjennomført i og nær registrerte gyteområde eller gytefelt for torsk (Husefest og Bortnepollen), i perioden 1. januar til 1. juni. Dei peikar på at modellering av partikkelspreiing vil vere særleg aktuelt ved planar om tiltak i eller nær gytefelt, og gyteområde for torsk, og ev nærliggjande akvakulturanlegg. FDIR skriv at det må sikrast at verdien av gyteområde og gytefelt ikkje blir forringa. Avbøtande tiltak for å ivareta gyteområdet, tidlege livsstadiar, og gytesuksess totalt sett for torsk på best muleg måte, må forankrast i planføresegner.

Sør-Norges Fiskarlag går sterkt imot deponiet ved Storøyna. Det er eit viktig ressursområde med god mattilgang for pelagiske artar som sild og makrett, og dermed godt eigna til notfiske og låssetting. Dei ønskjer møte med tiltakshavar for å drøfte planane.

Steinvik Fiskefarm, Marø havbruk og E.Karstensen fiskeoppdrett har lokalitetane Hovden og Grunnsøya (V Florø). Dei ønskjer at Sprenging ved Olaskjeret blir gjort i brakkleggingsperiodane.

Ingvard Havnen peikar på konsekvens for fiske ved Skaten, og meiner elles det må vere fartsgrense for skipstrafikken, då det kan skade anlegg og auka fare i skipstrafikken. Bjørn Ringstad er bekymra for påverknad på friluftsliv med aktivitetar som padling og dykking, og kulturmiljøet i området.

Vurdering:

Det går fram av merknadsnotatet til planprogrammet, at innspel til planprogrammet for det meste alt inngjekk i planprogramforslaget som var på høyring, eller er imøtekome ved suppleringar. Det er under pkt 2.2. innarbeidd krav til massehandteringsplan, herunder ev mellomlager el ressurslager. Kystverket vil på nytt ha samråd med kommunane om ev aktuell bruk av massar. Vedkomande naturtypekartlegging er det presisert nærare korleis dette skal utførast.

Fråsegna til Sør-Norges Fiskarlag er ikkje imøtekome ved å endre lokalisering av deponi, men det vil bli oppretta dialog i samband med konsekvensutgreiingsarbeidet. Bakgrunnen er lokaliseringsvurderinga, der andre alternativ var vurderte til å vere meir konfliktfylte.

Fråsegn frå Havnen om fiskeplass og fartsgrense for farty, er ikkje imøtekomen. Utbetring av leia er nødvendig av fleire omsyn, og utgreiing av verknader for naturressursen fisk av desse tiltaka, blir del av konsekvensutgreiinga. Fråsegn til Ringstad er ikkje imøtekomen, sidan fritidsferdsel berre blir råka i anleggstida, og det framgår av planprogrammet at det skal gjevast god informasjon om gjennomføring av anleggsarbeidet. Kulturminne i strandsona, som t.d. støer og murar etter tidlegare sjøhus, er viktig del av kulturlandskapet i Rugsund, og ein føreset at slike ikkje blir råka av tiltaket med sjødeponi ved Storøyna, då deponering skal skje på djupt vatn.

Ein reknar med at Storøyna deponiområde er eitt av dei områda der måling av straum og forureining i sediment er nødvendig. Det bør presiserast i planprogrammet kap 5. Ein viser til tilrådd undersøkingsprogram i alternativsvurderinga av deponiområde.

Dialog vil bli oppretta mellom tiltakshavar og akvakulturselskapa vedkomande tidspunkt for anleggsgjennomføring, i høve muleg omsyn til brakkleggingsperiodar ved avakulturanlegga Hovden og Grunnsøya.

Ein rår til at det blir teke konkret stilling til influensområde, slik at ein sikrar at vurdering av konsekvensar for dei ulike tema i dette området blir ivareteke, etter dialog med aktuelle interesser i området, f eks akvakulturfirma og fiskarlag.

For kulturminne må det rettast under pkt 4.6, slik at det framgår at skipsvrak er freda. Planprogrammet må seie korleis ivaretaking skal utgreiast i reguleringsplanen.

Planprogrammet må oppdaterast vedkomande Marøyna, som er utgått som akvakulturlokalitet.

Luftureining er ikkje tenkt omtala i plan, men ein reknar med planen vil ha føresetnader om bruk av maskinar og utstyr, i høve fossil energi kontra fornybar energi, jf klimamål. Vi går derfor ut frå at temaet blir omtala, og elles inngår i klimagassvurderinga.

Med nokre få presiseringar og føresetnader, vurderer ein at planprogrammet kan godkjennast.

Økonomiske konsekvensar av framlegg til vedtak:

Ikkje relevant for denne saka.